

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset, ekstramøte
Dato: 04.11.2014
Tidspunkt: 09:30 – 12:50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Tore Svane	Medlem	FFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Johnny Stiansen	Økonomidirektør
Torunn Lausund	Rådgjevar, tannhelseavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 54/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 55/14	Godkjenning av sakliste		
PS 56/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 57/14	Fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015 - høyringsuttale	2014/558	
PS 58/14	Klinikkstrukturplan frå tannhelse - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 59/14	Ymse		
PS 60/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 51/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober	2014/1527	
RS 52/14	Oversikt økonomi per 271014	2014/558	

PS 54/14 Godkjenning av møteinkalling**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014****Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinkallinga.

PS 55/14 Godkjenning av sakliste**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014****Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

PS 56/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014**

Det var ikkje noko møteprotokoll frå førre møtet, da dette var eit ekstramøte som vart lagt tett opp til førre møte. Møteprotokollen vert derfor teken opp på førstkommande ordinære møte.

PS 57/14 Fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015 - høyringsuttale**Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Økonomidirektør Johnny Stiansen informerte rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at arbeidsutvalet får fullmakt til å skrive ein uttale frå rådet basert på innspela under møtet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at arbeidsutvalet skal følgje opp utbygginga av nye busstopp (Statens vegvesen) og anbudsprosessen rundt nye ferger (Skyss og samferdselsavdelinga) i samband med universell utforming.

PS 58/14 Klinikkstrukturplan frå tannhelse - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Torunn Lausund frå tannhelseavdelinga heldt ein orientering for rådet om den nye klinikkstrukturplanen.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende inn ein slik uttale til den nye klinikkstrukturplanen til tannhelseavdelinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennomgått planen og vil kome med følgjande uttale:

Rådet ser fordelane med hovudlinene i Klinikkstrukturplan for Tannhelsetenesta 2015-2030. Rådet føreset at tannklinikkane etter dette vil vere universelt utforma og tilrettelagt på alle områdar. Fordalar med samanslåing og utbetringar vil truleg heve kompetansen, det faglege miljøet og dermed kunne gi eit betre tilbod, også til menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil likevel understreke viktigheta av at dei som får forlenga reisetid får refundert sine ekstra reise-utgifter. Rådet er uroa for at menneske med nedsett funksjonsevne ikkje vil kunne nyte seg av desse helsetenestane dersom ikkje kostnadane med reisa vert dekka i sin heilheit. Rådet ønskjer at tannhelsetenester skal vere lett tilgjengeleg for alle menneske.

Rådet vil derfor foreslå at dei som har fått innvilga TT-kort og ikkje kan nyte vanleg kollektivtilbod er kvalifisert til å få dette dekka. Rådet vil påpeike at TT-kort ordninga er for fritidsreiser og skal ikkje påleggast å nyttast til behandlings/helsetenester.»

PS 59/14 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Ingen saker vert tekne opp under Ymse.

PS 60/14 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsakene til orientering.

RS 51/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober

RS 52/14 Oversikt økonomi per 271014